

Lokal- demokrati

Skal det vera mogleg for folk flest å delta i og ha innverknad på samfunnslivet, må ein leggja tilhøva til rette for det. Venstre trur at folk som er aktive i styre og stell, er med og skaper verdiar og fremmer eit nært fellesskap. I ei tid med store investeringar er det viktig å prioritera rett og halda seg innafor dei økonomiske rammene.

Sauda Venstre vil:

at makta skal tilbake til politikarane slik at dei får større respekt og meir påverknad i politiske saker.

at saka om buplikt vert drøfta i komunestyreperioden.

at Sauda kommune skal verta medlem i LNK (Landsamanslutninga av nynorskkommunar).

ha ei open haldning i forvaltningssaker og redusera byråkratiet.

trekkja inn ikkje –folkevalde representantar for å sikra brei kunnskap når ein skal ta avgjerd i lokale saker.

arbeida for eit funksjonelt ungdomsråd.

gje høve til innspel frå publikum før komunestyremøta.

vera ombudsmenn for publikum ovafor riks- politikarane.

Sauda Venstre si liste

1. Vegard Floa
2. Knut Saua
3. Ola Breivik
4. Wenche Johnsen
5. Øyvind Årthun
6. Anne Tangeraaas Løyning
7. Kjetil Fløgstad
8. Hanne Gro Fingann
9. Olav Honganvik
10. Aslaug Astad

Her er Sauda Venstre sine toppkandidatar ved kommunevalet 2007

Våre toppkandidatar



Vegard Floa

Ruskonsulent i Sauda kommune.

Far til fire.

Leiar i Sauda Venstre fra 2004

Opptatt av lokaldemokratiets vilkår, og at politikarane skal vera velgjerane sitt ombud i og utanfor kommunen.

Kan kontaktas på tlf. 90677915



Knut Saua

Idrettsfaglig lærer ved Sauda Vgs.

Tidligere representant i kommunestyret for Sauda Venstre.

Alle har ansvar for kvarandre, for miljøet og for komande generasjonar.

Eit godt miljø er ein føresetnad for god helse og trivsel. Sauda Venstre vil i alle saker ta særleg omsyn til miljøet og vera estetisk bevisst slik at Sauda verkar velstelt og vert trivelegare å bu i.

“Venstre er det sosialliberale sentrumspartiet, eit alternativ til sosialisme og sosialdemokrati som hemmar fridomen, og til høgresida som bryr seg for lite om fellesskapet.”



Følg oss på nettet på
www.venstre.no/rogaland/sauda
send e-post til
sauda@venstre.no



**Sauda Venstre
Program
2007 – 2011**

Miljø

Berekningar syner at så mykje som 15 % av norske klimautslepp kan kuttast gjennom lokale tiltak i den ein-skilde kommune og fylke. Lokale tiltak vil difor vera eit vesentleg bidrag til å redusera utslepp av klimagassar.

Sauda Venstre vil:

at Sauda kommune skal utarbeida eigen klimaplan. (Tenkja globalt og handla lokalt.)

at plast skal samlast inn i eigne plastsekker.

arbeida for at Sauda kommune blir medlem av Initiativ for etisk handel.

at Sauda kommune oppretter ein miljøpris.

at bilparken til Sauda kommune skal nytta biodrivstoff.

at kommunen bruker makta som kunde til å kjøpa inn miljøvenlege varer og tenester.

arbeida for gang og sykkelsti til Svandalsfossen.



Samferdsle

Gode kommunikasjonar både i kommunen og ut av kommunen er viktig for å skape utvikling og gje grunnlag for eit godt liv for alle.

Sauda Venstre vil:

utbetra dei kommunale vegane (t.d. vegen til Fiveland).

sikra ei rask utbygging av veg Sauda-Etne.

styrka kollektivtilbodet på fjorden for dei reisande Sauda-Stavanger og Sauda-Bergen.

arbeida for å få realisert Haukelibanen.



Sosialt ansvar

Sauda Venstre vil:

følgja opp ruspolitisk handlingsplan med nok ressursar. gje tilbod om informasjon til dei heimeverande eldre med tanke på kommunale rettar og tenestetilbod.


arbeida for å følgja opp at lovpålagde tenestar blir følgt opp med nok ressursar.

arbeida for å auka stillingsprosenten opp mot 100 % for dei som ynskjer det.

gjeninnføra den kommunale vaktmeisterordninga for eldre og uføre.

gje tilbod om startlån/tilskot til trengande gjennom husbanken.

sikra ein god seniorpolitikk.



Skole og kultur

Skulen er og skal vera ein av våre viktigaste almenndannande samfunnsinstitusjonar, både som demokratibyggar, kunnskap- og kulturbærar.

Sauda Venstre vil:

arbeida for ein sterk offentleg skule.

rusta opp skular og barnehagar med fokus på inneklima.

halda på dei økonomiske rammene ein har i dag.

utvikla og betra samarbeidet mellom skule og ressurspersonar innan lokalhistorie for å gjera elevane kjende med historia og verta stolte av heimstaden sin for så å marknadsføra han positivt.

arbeida for kompetanseheving i tråd med kunnskapsløftet.

arbeida for å leggja tilhøva best mogleg til rette for Sauda vidaregåande skule.



Ein føresetnad for å skapa og ta vare på arbeidsplassar, er eit rikt kulturliv og eit triveleg miljø. Det er viktig å leggja til rette for ei heilskapstenking innafor turisme og nytta kultur som næring. Vi bør knytta til oss fagfolk og satsa profesjonelt.

Sauda Venstre vil :

oppretta stilling med ansvar for å utvikla kulturvern, turisme og museumsarbeid med tanke på å marknadsføra Sauda sitt særpreg.

nytta kultur som næring.

at Sauda skal vera medlem av Ryfylkerådet.

støtta eit mangfaldig kulturliv.

prioritera rydding og vedlikehald i og rundt all kommunal eigedom.

leggja til rette for grunderverksemd generelt og mot kvinnene spesielt.

Næring



Barn og unge

Sauda Venstre meiner det er viktig at barn og unge skal trivast og ha ein trygg og god oppvekst. Ein må leggja tilhøva til rette på ein slik måte at dei unge føler ansvar og tilknytting til heimstaden sin og sjølv vil arbeida aktivt mot negativ utvikling.

Sauda Venstre vil:

sikra økonomiske midlar til kultur- og ungdomsarbeid.

at nærmiljøet får tilskot til m.a. arbeid med dei kommunale leikeplassane.

arbeida for å utvida åpningstida på ungdomsklubben.

motivera til betre kontakt mellom generasjonane ved t.d. dataopplæring unge/eldre.

motivera til rekruttering av fleire natteravnar.

